



Advokatfirma Mikkel Mundal AS
Hollendergaten 14
5017 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2454 - 14/12336

Saksbehandlar:

Kjersti Flatråker

kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:

12.11.2014

Delingssak 45/371 - Manger/Selfallet nord - søknad om deling - vedtak

Delegasjonssak nr.: 267/2014

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 02.03.2014 og supplert 19. og 24.09.2014.

Heimelshavar

Tiltakshavar er heimelshavar til eigedomen.

Tiltak

Det er søkt om deling med føremål å dele i frå planområdet på Selfallet nord samt å dele området inn i bustadparsellar og p-plassar. Opprinneleg vart det søkt om deling i frå bnr 371 og 423. bruk nr 423 er no slått saman med bnr 371.

Grunngjeving

Grunngjevinga for søknaden er at den er i tråd med detaljplan for området.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplan for Selfallet nord med plan id 12602013000300 er definert som område for arealføremål heilårsbustader med tilhøyrande infrastruktur.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Rådmannen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Konklusjon

Etter ei samla og konkret vurdering finn rådmannen at vilkåra i plan er oppfylt og vil gje løyve til deling.

Vedtak

Det vert gjeve løyve til deling slik:

- Frå gnr 45 bnr 371 skal heile planområdet med unntak av areal regulert til anna vegareal delast frå.

Frå det frådelte området nemt ovanfor skal det delast frå:

- 7 bustadtomtar, 2 tomtar for einebustadar og 5 tomtar for fleirmannsbustadar. BK03 skal delast i 2 jfr. Vedlagte kart datert 13.11.2014.
- 2 parkeringsplassar; f_PP01 og f_PP02 skal delast frå og opprettast som eit eige bruksnummer.

Parkeringsplassane; f_PP01 og f_PP02 skal opprettast som realsameige knytt til dei frådelte fleirmannsbustadane med brøk nemdt under punkt 3 i søknad om deling.

Restarealet av planområdet skal opprettast som realsameige knytt til dei 7 frådelte tomtane med brøk nemdt under punkt 2 i søknad om deling.

Grunngjeving for vedtaket er at søknaden er i tråd med godkjent reguleringsplan for området, Selfallet nord.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 20-1m (deling) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt arealplanleggjar Kjersti Flatråker.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Advokatfirma Mikkel Mundal AS

Hollendergaten 14 5017

BERGEN